


ÅRSRAPPORT 2025



Ansvarleg for årsrapporten: Brynjulf Stige
 Ansvarleg for indikatordata og vedlegg 1: Liv Gunnhild Qvale
 Ansvarleg for vedlegg 2: Kristianne Ervik / Polyfons erfaringspanel
 Ansvarleg for vedlegg 3: Svitlana Kolesnyk

Fråskriving: Årsrapporten har nytta opplysningar frå Norsk pasientregister (NPR). Registerforvaltar for NPR har ikkje ansvar for analysar eller tolkingar baserte på dei utleverte opplysningane.

Framsidedfoto:

- Oppe til venstre: Frå Agenda Vestlandet – stiftinga frå Sparebanken Norge si tildeling av kr. 7,53 millionar til Polyfons prosjekt OPPTAKT for utvikling av regionale knutepunkt i Bergen, Kristiansand og Oslo. F.v.: Brynjulf Stige (Polyfons leiar), Randi-Luise Møgster (divisjonsdirektør ved Haukeland universitetssjukehus og Polyfons styringsgruppeleiar) og Frode Nergaard Fjeldstad (tildelingsdirektør i Agenda Vestlandet). Foto: Torbjørn Mohn-Haugen (fagleg rådgjevar i NAPHA).
- Midten til høgre: Gjenklang har over fleire år vore ein sentral samarbeidspartnar i gjennomføringa av den årlege Polyfon-konserten i samband med Polyfon-konferansen. Foto: Julie Amilien Simon.
- Nede til venstre: Studentar som fekk sommarstipend frå Polyfon i 2025: oppe f.v. musikkterapi-studentane Alexandra Khazaie (UiB) og Marie Hovdum Lind (UiB). Nede f.v. medisinstudenten Siri Narum (UiB) og filosofistudentane Emma Irgan Huse og Hilde Matre Lie (UiB). Foto: Montasje av private foto.

Årsrapporten vart godkjend av Polyfons årsmøte 10. juni 2026.

Universitetet i Bergen: Åsil Bøthun, dekan Fakultet for kunst, musikk og design
 Ansgar høyskole: Marie Strand Skånland, studiekoordinator musikk
 Bergen kommune: Tarjei Kristiansen, stabsleiar i Etat for psykisk helse og rustenester
 Betanien Sykehus: Maria Hauser, einingsleiar for psykisk helse
 Bufetat region vest: Hege Hammersland, seniorrådgjevar – klinisk sosionom
 Haugesund kommune: Camilla Rødsrud Schøyen, rektor Haugesund kulturskole
 Helse Bergen: Randi-Luise Møgster, direktør Divisjon psykisk helsevern
 Helse Fonna: Haakon Raa Tveit, musikkterapeut BUP Haugesund
 Høgskulen på Vestlandet: Hege Gjerde Sviggum, instituttleiar Institutt for kunstfag
 Kilden teater og konserthus: Eva Mari Andreassen, forskingsansvarleg
 Kristiansand kommune: Tor Egil Vaule Andersen, rektor Knuden - Kristiansand kulturskole
 Lillestrøm kommune: Anne Kristin Stretre, avdelingsleiar, Helsetenester til vaksne
 NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus: Sindre Edvard Alvheim Angeltvedt, direktør
 NORCE: Jesper Blinkenberg, konserndirektør divisjon Helse og velferd
 Norges musikkhøgskole: Astrid Kvalbein, rektor
 ROM-Agder: Roy Tømte, dagleg leiar
 Sykehuset Innlandet: Adrian Wangberg, musikkterapeut
 Sørlandet sykehus: Iris Anette Olsen, avdelingssjef Avdeling for barn og unges psykiske helse (ABUP)
 Universitetet i Sørøst-Norge: Ingelill Susann Berger Eide, førsteamanuensis Institutt for helse-, sosial- og velferdslag
 Voss DPS NKS Bjørkeli: Vegard Stalheim Kolve, direktør
 Undergruppa Partssamarbeid Vestland: Kine Bratli Dale, fylkestingsrepresentant
 Polyfons erfaringspanel: Kenneth Dybdahl (leiar), Silje Rasmussen Sandnes (nestleiar) og Nils Mæhle
 Studentrepresentantar: Mathea Axelsen Lie (Ansgar høyskole) Benedikte Kløw Askedalen (Noregs musikkhøgskole),
 Ole Magnus Endresen (Griegakademiet, UiB)

Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi er koordinert av Griegakademiet, Universitetet i Bergen.
 Postadr.: c/o Griegakademiet, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.
 Besøksadr.: GAMUT, Nina Griegs gt. 4, 5015 Bergen. E-post: polyfon@uib.no.
 Klyngeleiar: Brynjulf Stige, tlf. 971 69 746.

Forord

2025 har vore eit veldig godt år for Polyfon:

Ein ny klyngeavtale er gjort ferdig og vil starte å gjelde 1. januar 2026.

Fire nye klyngedeltakarar er komne til, deriblant ein ny type deltakar, nemleg statleg barnevern.


Partssamarbeid Vestland har i tillegg fått tre nye kommunar som partar og er omorganisert med eit nytt undergruppekonsept som i framtida også kan vurderast i andre fylke.

Erfaringspanelet er utvida og omorganisert, med ein utviklingsplan som tydeleggjer mål og arbeidsmåtar framover.


Og, sist, men ikkje minst: Agenda Vestlandet – stiftinga frå Sparebanken Norge har gitt ei løyving på kr. 7 530 000 til prosjektet OPPTAKT (2026-2028), til utprøving av klyngas knutepunktmodell. Dette vert eit løft for oppskalering av norsk musikkterapi!

Ikkje alt går på skinner, sjølv sagt. Den nasjonale veksten i musikkterapitilbod i spesialisthelsetenesta har stoppa litt opp. Og sjølv om utviklinga av musikkterapitilbod i kommunane i Vestland har vore god i 2025, er bildet meir samansett nasjonalt. Det er difor nok av oppgåver ta tak i.

Vi gler oss til vidare arbeid med å stimulere praksisutvikling, forskning og utdanning, saman med alle dei fantastiske klyngedeltakarane vi har i Polyfon! Vi er takksame for alt de bidreg med!



Randi-Luise Møgster
Styringsgruppeleiar



Brynjulf Stige
Klyngeleiar

Innhold

Forord	3
Innleiing og samandrag	5
1 Formidling	7
Klyngeaktivitet	7
Indikatordata	9
Vurderingar	10
2 Praksisutvikling	12
Klyngeaktivitet	12
Indikatordata	13
Vurderingar	15
3 Forsking	16
Klyngeaktivitet	16
Indikatordata	19
Vurderingar	21
4 Utdanning	22
Klyngeaktivitet	22
Indikatordata	23
Vurderingar	25
5 Utvikling av klyngesamarbeidet	26
Nye klyngedeltakarar	26
Utviklingsarbeid 2025	26
Klyngas samarbeidsorgan	27
Risikovurderingar	28
Rullert handlingsplan for 2026	28
Vedlegg 1: Polyfon-relaterte vitenskaplege publikasjonar i 2025	29
Vedlegg 2: Årsoppsummering 2025 fra Polyfons erfaringspanel	33
Vedlegg 3: Rekneskapsrapport for Polyfon for 2025	35

Innleiing og samandrag

Gjennom eit samarbeid mellom akademia, tenester og brukarar skal kunnskapsklynga Polyfon styrke musikkterapi som helse- og sosialfagleg arbeid, utdanningsveg og forskingsområde i Noreg, og samstundes støtte og stimulere annan bruk av musikk som ressurs for livskvalitet, meistring, læring og samfunnsdeltaking.

Visjonar, verdiar, målsetjingar og prioriterte aktivitetar er gitt av [Polyfons strategi og handlingsplan](#).

Polyfon er eit frivillig samarbeid mellom autonome aktørar, regulert av ein [klyngeavtale med vedlegg](#).

Her følgjer samandrag av Polyfons arbeid med områda formidling, praksisutvikling, forskning og utdanning i 2025, etterfølgt av ei oppsummering av korleis ein har arbeidd med å styrke sjølve klyngesamarbeidet.

1 Formidling

God kjennskap til musikkterapi i tenester og samfunn er ein nødvendig føresetnad for alt arbeid og samarbeid i kunnskapsklynga.

- Klyngedeltakaranes eigen formidlingsaktivitet er ein viktig del av klyngas formidling.
- Polyfon har i tillegg bidrege til det offentlege ordskiftet om musikkterapi m.a. gjennom oppbygging av nettsideressursar, kommunikasjon i ulike medium og arbeid med høyringsinnspel, i 2025 ikkje minst knytt til NOU 2025: 7 *Musikklandet*.
- For å stimulere dei einskilde klyngedeltakarane sitt arbeid med formidling og styrke samarbeidet på området, lyser Polyfon ut midlar til formidlings- og arrangementsstøtte tre gonger i året. Samanlikna med tidlegare år, er det ein positive auke i klyngedeltakarane sin aktive bruk av desse midlane.
- Det er framleis svært relevant å styrke arbeidet med å gjere musikkterapi meir synleg i samfunnet, jf. dei tydelege tilrådingane i NOU 2025:7 om nasjonale tiltak for oppskalering av musikkterapi.

2 Praksisutvikling

Praksisutvikling omfattar både kvalitetssikring av eksisterande tilbod og tenester og utvikling av nye.

- Når det gjeld kvalitetssikring, kan det nemnast at Helse Fonna i samarbeid med Helse Bergen og Helse Vest har vidareført arbeidet med utvikling av prosedyrar for musikkterapeutar i psykisk helsevern.
- Når det gjeld omfanget av tenester, viser data frå Norsk pasientregister (NPR) at veksten i musikkterapitilbod i spesialisthelsetenesta har flata av. Dette er noko å sjå nærare på for Polyfon, t.d. når det gjeld satsinga på oppbygging av regionale knutepunkt, utviklinga av myndighetskontakt og arbeid med kvalitetssikring og kompetanseutvikling.
- Nasjonale tal for musikkterapitenester i kommunesektoren er førebels mangelfulle, men dei tala som er tilgjengelege tyder på liten systematikk i implementering og store regionale skilnader. Tydelege tilrådingar av musikkterapi i ein ny nasjonal rettleiar for lokalt psykisk helse- og rusarbeid kan gje von om styrkt implementering innan dette feltet.
- Det har vore ei positiv utvikling i kommunane i Vestland. Klyngas nye modell for undergrupper vart vedtatt i juni 2025 og er førebels tatt i bruk i Vestland, der fylkeskommunen i samarbeid med Polyfon følgjer opp kommunane på musikkterapiområdet. Dette har fått ein god start og bør utviklast vidare. Det vil også vere relevant å sjå om arbeidsmåten kan etablerast i andre fylke.

3 Forsking

Polyfon samlar dei viktigaste forskingsmiljøa innan musikkterapi og musikk og helse i Noreg. Kunnskapsklynga bidreg til nye forskingsinitiativ, nye samarbeid og meir praksisnær og brukarinvolvert forskning.

- Fleire av klyngedeltakarane har fått store tildelingar frå m.a. NFR i 2025, der Polyfon har vore inne i biletet i utviklingsfasen av prosjektsøknadane, m.a. når det gjeld utvikling av brukarmedverknad og samarbeidsrelasjonar mellom akademia og tenestene.
- Som tidlegare år har Polyfon lyst ut midlar til forskingsstøtte, der det i 2025 vart det delt ut kr 222.868 til 5 prosjekt. Vidare vart det delt ut 5 sommarstipend for musikkterapistudentar, kr 40.000 kvar.

- Nytt av året var utlysinga av tverrfaglege sommarstipend, finansierte av GC Rieber Fondene.
- 8 av 16 klyngedeltakarar har publisert klyngerelevant forskning i 2025, og klyngedeltakarane har i 2025 publisert fleire vitenskaplege publikasjonar enn nokon gong, sjå Vedlegg 1.

4 Utdanning

Polyfon byggjer samarbeid mellom dei to norske musikkterapiutdanningane og støttar ulike seminar og etter- og vidareutdanningsinitiativ.

- Den årlege [Polyfon-konferansen](#) er ein viktig etter- og vidareutdanningsarena og samla også i 2025 over 200 deltakarar.
- Indikatordata for nasjonal utdanningskapasitet viser at denne er for låg, dersom ein i løpet av nokre tiår skal nå målet om å gjere musikkterapi tilgjengeleg på ein meir likeverdig måte i heile landet.
- Samstundes ser vi at søknaden til musikkterapistudiet ikkje har gått opp dei seinare åra. Polyfon har difor også i 2025 tatt ansvar for eit nasjonalt [rekrutteringsnettverk](#) som stimulerer utdanningsrekruttering og rekruttering til musikkterapeutstillingar i alle delar av landet.
- Arbeidsgruppa for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning heldt fram arbeidet sitt i 2025.

5 Utvikling av klyngesamarbeidet

Som kunnskapsklynge er Polyfon ein reiskap for å byggje fag og kvalitet gjennom samarbeid og samskaping.

- Klynga har fått 4 nye klyngedeltakarar i 2025: Ansgar høyskole, Bufetat region vest, Sørlandet sykehus og Voss DPS NKS Bjørkeli.
- I tillegg er undergruppa Partssamarbeid Vestland, koordinert av Vestland fylkeskommune, styrkt med 3 nye kommunar: Ullensvang kommune, Vaksdal kommune og Voss herad.
- Arbeid med revidert [Klyngeavtale](#) og ny [Utviklingsplan for Erfaringspanelet](#) vart fullført i 2025.
- I løpet av 2025 vart både ein ny modell for knutepunkt og eit nytt konsept for undergrupper utvikla, slik det går fram av høvesvis [vedlegg 3](#) og [vedlegg 5](#) til klyngeavtalen.
- Hausten 2025 fekk Polyfon ei [tildeling på kr. 7,53 millionar frå Agenda Vestlandet – stiftinga frå Sparebanken Norge](#) for prosjekt OPPTAKT, til utvikling av klyngas nye knutepunktmodell.
- [Handlingsplanen](#) er rullert for 2026, der mange prioriterte tiltak er knytte til prosjektet OPPTAKT.



Møhlenpris skolekor, med musikkterapeut Morten Gundersen som dirigent, starta Polyfon-konferansen 2025 med vakker song, før Kjell-Morten Myhr, vise- rektor ved Universitetet i Bergen, fekk ordet og opna konferansen. Foto: Michael Clade Vincent Bacolor.

1 Formidling

Målsetjinga for formidling, slik det er formulert i Polyfons strategi for 2024-2030, er: *Kunnskap om musikkterapi og musikk som helseressurs er lett tilgjengeleg i samfunnet*. I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette i 2025, under overskriftene *Klyngeaktivitet*, *Indikatordata* og *Vurderingar*.

Klyngeaktivitet

Klynga deltar i det offentlege ordskiftet om musikkterapiens utvikling, gjennom deltaking i media, nettverk og høyringar, og på ulike konferansar og seminar. Fleire av klyngedeltakarane bidreg også med omfattande formidlingsaktivitet som kjem klyngesamarbeidet og realisering av klyngas målsetjingar til gode.

Vidare er det ein god del formidlingsarbeid som spring ut av samarbeidet mellom klyngedeltakarane, m.a. samarbeid om innspel til offentlege høyringar. Dei to viktigaste høyringane for klynga i 2025 var:

- NOU 2025: *7 Musikklandet* vart overlevert departementet 23. juni og vart så lagt ut på høyring med høyringsfrist 14. november. NOUen inneheld fleire konkrete forslag om tiltak som kan bidra til nasjonal oppskalering av musikkterapi. Polyfons sekretariat, Polyfons erfaringspanel og fleire av aktørane i Polyfon kom med høyringsinnspel.
- Den opphavlege psykosereitningslinja frå 2013 vart avpublisert i januar 2025 fordi ho vart rekna som utdatert. Etter reaksjonar frå fagfeltet valde Helsedirektoratet å republisere tilrådingane om psykososiale behandlingsmetodar, inkludert tilrådinga om musikkterapi. Høyringsfrist var 20. september 2025. Også her vart det sendt inn høyringsinnspel frå Polyfon.

For å stimulere dei einskilde klyngedeltakarane sitt arbeid med formidling og styrke samarbeidet på området, lyser Polyfon ut midlar til formidlings- og arrangementstøtte tre gonger i året. Dette er utlysingar alle deltakarane kan søkje på. Følgjande tiltak fekk støtte frå Polyfon i 2025:

Tildelingar i mars

- Bergen kommune ved musikkterapeut Gerd Karine Lunde Torsvik fekk tildelt kr. 15.000 til Inspirasjon- og informasjonsfilm om musikkterapi i eldreomsorg
- Bergen kommune ved musikkterapeut Stine Andrea Sognnes fekk tildelt kr. 10.000 til Inspirasjonsdag for musikkterapi i eldreomsorga
- Høgskulen på Vestlandet ved høgskulelektor Hans Mark Svedal fekk tildelt kr. 15.000 til Tverrfagleg fagdag ved HVL: Musikk som ressurs i helse- og folkehelsearbeid
- Noregs musikkhøgskole ved førsteamanuensis Tone Kvamme fekk tildelt kr. 15.000 til Seminar om demenskor
- Noregs musikkhøgskole ved førsteamanuensis Hans Petter Paulen Solli fekk tildelt kr 15.000 til Levd Liv Live – Konsertforedrag med Diva & the Doctor
- Griegakademiet, UiB ved professor Claire Ghetti fekk tildelt kr 15.000 til Late Night Conversations between the notes, som del av konferansen Music Therapy in Pediatrics

Tildelingar i juni

- Helse Fonna ved musikkterapeut Haakon Raa Tveit fekk tildelt kr 10.000 til Rammeverk for musikkterapi i spesialisthelsetenesta – ein fagdag med fokus på pasientsikkerheit og prosedyrar

Tildelingar i oktober

- Polyfons Erfaringspanel fekk tildelt kr. 8000 til utarbeiding av ein informasjonsbrosjyre
- Bufetat region vest, i samarbeid med Viggo Krüger ved UiB, fekk tildelt kr 15.000 til ei Kartlegging av musikktiltak som førebyggjande ressurs i Bufetat region vest
- Griegakademiet, UiB, ved førsteamanuensis Lars Tuastad fekk tildelt kr 15.000 til Levd Liv Live – autoetnografiske fortellingar om konsertforedrag
- Helse Fonna ved musikkterapeut Haakon Raa Tveit fekk tildelt kr 15.000 til prosjektet Samarbeidsmøte for pasientovergangar

Polyfon ønsker å stimulere denne type formidlingsinitiativ hjå klyngedeltakarane og vil også bidra til at det vert skapt samanhengar mellom alle dei ulike formidlingsaktivitetane klyngedeltakarane bidreg til.

Av annan klyngeaktivitet knytt til formidling, kan vi nemne:

Polyfon tok i 2023 initiativ til etablering av eit nytt [nasjonalt nettverk for rekruttering og mangfald i norsk musikkterapi](#). Ca. 50 ressurspersonar frå Kristiansand i sør til Tromsø i nord har gått saman om å styrke rekrutteringa til faget, både med tanke på geografisk spreing og mangfald. Arbeidet er vidareført i 2025.

[Polyfons nettside](#) er utvikla vidare i 2025, med vekt på styrking og oppdatering av faglege ressursider. I løpet av året har vi m.a. fått lagt ut:

- Oppdateringar av Polyfons [kunnskapsbeskrivingar](#) (for tenestene, brukarar og ålmenta)
- Oppdatering av Polyfons [lenkesamling](#) (med lenker til «alt» du måtte ønskje å vite om fagfeltet)
- Utvikling av ein ny rettleiar for [medverknad i forskning](#)

Bulletengen [Polyfon-nytt](#) kom i 2025 ut med 9 nummer.

[Polyfons Facebook-side](#) hadde høg aktivitet også i 2025, med nye innlegg dei fleste dagar. Ein eigen [Instagram-konto for Polyfon](#) er også etablert.

Podkasten [Musikkterapodden](#) vart etablert i 2020, med støtte frå kunnskapsklynga Polyfon, og har utvikla seg til ei viktig kjelde til informasjon om musikkterapi. Ein episode i podkasten er komen til i 2025, med utspring i inspirasjonsdagen om musikkterapi og eldrehele 13. november.



[Polyfon-konferansen](#) er ein årleg møteplass for kunnskapsformidling, inspirasjon og erfaringsdeling. Polyfon-konferansen 2025 markerte klyngas jubileum, hadde temaet [Musikk på tvers](#) og vart arrangert 14. november, i godt samarbeid med HVL.

Godt over 200 konferansedeltakarar deltok. Konferansen tok utgangspunkt i følgjande paradoks: Interessa for musikk og helse er stor og musikkterapi er tilrådd i fleire nasjonale faglege retningslinjer. Likevel er det langt fram før musikkens kraft er tatt i bruk på ein systematisk og kunnskapsbasert måte i samfunnet.




Polyfon-konferansen er dei siste åra utvida til eit konsept over to dagar, med ein eigen fagdag i tilknytning til konferansen. I 2025 var det to slike arrangement: a) Musikkterapeutane i Bergen og Øygarden kommunar organiserte ein eigen inspirasjonsdag for musikkterapeutar i eldreomsorga. b) I tillegg arrangerte Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Vest ein fagdag om rammeverk for musikkterapi i spesialisthelsetenesta.

Begge arrangementa fekk støtte av Polyfon.

Kvelden før hovudkonferansen vart ein fin Polyfon-konsert arrangert, i samarbeid med Gjenklang, GAMUT, fylkeslaget av NFMT og Bergen Kjøtt.

Indikatordata


Tal for aktuelle oppslag om musikkterapi i sosiale medium går fram av Figur 1.1.



Figur 1.1: Tal følgjarar av Polyfon på sosiale medium.

Polyfons Facebook-side er den største informasjonskanalen om musikkterapi i sosiale medium i Noreg. Det meste av veksten i 2025 kom på slutten av året, m.a. i samband med saker som orienterte om prosjektet OPPTAKT og den planlagde utviklinga av knutepunkt i Bergen, Kristiansand og Oslo.

Tal for aktuelle oppslag om musikkterapi på utvalde offentlege nettsider går fram av Figur 1.2, der vi presenterer tal oppslag på nettsidene til Bufdir, Helsedirektoratet, Stortinget og Folkehelseinstituttet.




Figur 1.2: Tal oppslag om musikkterapi på utvalde offentlege nettsider.

Vi ser her at det er ein særleg stor vekst av oppslag på Helsedirektoratet sine sider. Nye oppslag her er m.a. knytte til «Nasjonale faglige råd Bruker- og pårørendemedvirkning i rus- og psykisk helsefeltet» og ikkje minst til «Nasjonal veileder Psykisk helse- og rusarbeid for voksne», altså rettleiarer for kommunale tenester på dette området. Her er musikkterapi for første gong skrive inn som ei tydeleg tilråding, både når det gjeld lågterskeltilbod og tilbod til brukarar med store hjelpebehov.


Det er også vekst i oppslag om musikkterapi på Stortinget si nettside. Dei fire nye oppslaga her gjeld omtale av NOU 2025: 7 *Musikklandet. Flerstemt musikkpolitikk for framtiden* og dessutan ulike høyringsinnspel frå Creo, Mental Helse og Norsk foreining for musikkterapi.

Bulletengen Polyfon-nytt kom i 2025 ut med 9 nummer, der «opplag» går fram av Figur 1.3.



Figur 1.3: Tal personar som har registrert seg for å få bulletengen Polyfon-nytt tilsendt på e-post.

Søknads- og tildelingssummar til Polyfons ordning for formidlingsstøtte går fram av Figur 1.4.



Figur 1.4: Polyfons formidlingsstøtte i perioden 2019-2025, med a) søknadssummar og tildelte beløp, og b) tal søknader og tal tildelingar.

Vurderingar

Når det gjeld sosiale medium, viser indikatordata (Figur 1.1) at det er aukande aktivitet, samstundes som det er eit forbettringspotensial, ikkje minst når det gjeld bruk av Instagram. For å utnytte potensialet i sosiale medium fullt ut, trengst det både meir kapasitet og kompetanse enn det klynga i dag har i sekretariatet.

Når det gjeld oppslag på utvalde offentlege nettsider (Figur 1.2) er det liten eller ingen vekst i tal oppslag i Bufdir og Folkehelseinstituttet, medan det er ein tydeleg vekst på nettsida til Helsedirektoratet. På nettsida

til Stortinget var det 4 nye saker med omtale av musikkterapi i 2025. Det er eit visst medvit blant politikarar og ulike offentlege organ om at musikkterapeutisk praksis og forskning har resultat å vise til, men likevel avgrensa vekst i den offentlege informasjonen som vert gjort tilgjengeleg. Det er også slik at Storting og regjering så langt ikkje har gått til konkrete vedtak om tiltak når det gjeld musikkterapi.

Det er difor framleis svært relevant å styrke arbeidet med å gjere musikkterapi meir synleg i samfunnet. Dei tydelege tilrådingane i NOU 2025:7 om nasjonale tiltak for oppskalering av musikkterapi er noko av det ein då kan ta utgangspunkt i.

Ei samla vurdering av Polyfons arbeid med informasjon er at klynga truleg gjer mykje godt og relevant informasjonsarbeid, samstundes som klyngas avgrensa ressursar til denne type aktivitet set grenser for kva ein kan få til. Det vert difor interessant å sjå kva nye behov og moglegheiter som vil oppstå i samband med den nye knutepunktmodellen som skal utviklast frå 2026, der ressursane i prosjekt OPPTAKT også kan opne opp for nye arbeidsmåtar, sjå kap. 5.



Ansgar høyskole meldte seg inn i klynga mot slutten av 2025 og blir sentral i oppbygginga av Polyfons knutepunkt i sør. Høgskulen vil også styrke formidlingsarbeidet i klynga, og har m.a. etablert ein egen forskningsblogg med fleire episodar om forskning innan musikkterapi og musikk og helse. Her ser vi illustrasjonen til eit blogginnlegg om [Marie Strand Skånlands forskning på relasjonar i musikkterapi i psykisk helsevern](#). Foto/ill.: Ansgar høyskole.

2 Praksisutvikling

Målsetjinga for praksisutvikling, slik det er formulert i Polyfons strategi for 2024-2030, er: *a. Musikkterapi er integrert i tenester og tilbod på ein systematisk måte. b. Musikk er tatt systematisk i bruk som folkehelse-ressurs.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2025, under overskriftene *Klyngeaktivitet, Indikatordata og Vurderingar.*

Klyngeaktivitet

Eksempel på fagleg utviklingsarbeid innanfor eksisterande stillingar:

- Bergen kommune, ved Kulturskolen, har gjennomført ein sommarskule knytt til Scenedrøm.
- Betanien DPS i Bergen utvida i 2025 musikkterapiressursen frå 130 % til 200 % stilling, for å styrke det heilskaplege arbeidet med musikkterapi, der det m.a. vert styrkt musikkterapitilbod innan ålmenn-psykiatrisk poliklinikk i tillegg til psykoseavdelinga.
- Helse Fonna har – i samarbeid med Helse Bergen og Helse Vest – arbeidd vidare med rammeverk og prosedyrar for musikkterapi i spesialisthelsetenesta.
- Bergen kommune, ved Etat for psykisk helse og rustenester, har initiert eit arbeid for utvikling av ein plan for systematisk bruk av musikkterapi innan desse tenestene.
- Noregs musikkhøgskole har vidareført prosjektsamarbeidet med Oslo kommune, for utprøving og evaluering av demenskor i ulike bydelar.
- Sørlandet sykehus har fått på plass nye musikkrom, for framtidig utvikling av musikkterapitilbodet.
- Både i Oslo og i Bergen har musikkterapeutar innan psykisk helse, rus og kriminalomsorg vidareutvikla det pionerarbeidet som er gjort i Gjenklang (Bergen) og Rockovery (Austlandet) for å skape mogelegheiter for aktiv kulturdeltaking etter musikkterapi som behandling.
- Nye kommunar har meldt seg inn i Partssamarbeid Vestland for å kunne kvalitetssikre og planforankre nye musikkterapitilbod.

Eksempel på utvikling av nye musikkterapeutstillingar:


- I Vestland har fire kommunar gjort vedtak om etablering av musikkterapeutstillingar i 2025, nemleg Kvinnherad kommune, Stryn kommune, Ullensvang kommune og Vaksdal kommune.




Scenedrøm er eit inkluderande musikkteater for personar med og utan utviklingshemming, i regi av Bergen Kulturskole, der m.a. Kulturskolens musikkterapeutar er involverte i samarbeidet. Foto: Andreas Roksvaag.

Indikatordata


Med data henta frå Norsk pasientregister (NPR), gjev figurane 2.1-2.4 opplysningar om spesialisthelsetenesta sin bruk av prosedyrekodar for musikkterapi.



Figur 2.1: Tal pasientar som får musikkterapi i spesialisthelsetenesta i perioden 2018-2025, fordelt mellom dei fire helseregionane i Noreg. Kjelde: Norsk pasientregister (NPR).




Figur 2.2: Tal pasientar som får musikkterapi i spesialisthelsetenesta i perioden 2018-2025, fordelt mellom helseregionane i Noreg og korrigert for folketalet i kvar region. Kjelde: Norsk pasientregister (NPR).



Figur 2.3: Tal pasientar som får musikkterapi i spesialisthelsetenesta i perioden 2021-2025, fordelt mellom offentlege helseføretak. Kjelde: Norsk pasientregister (NPR).

I figur 2.3 er 14 av 20 helseføretak i Noreg representerte. NPR gjev ikkje ut data dersom mindre enn 5 pasientar får tilbod. Det er altså 6 helseføretak i Noreg som så og seie ikkje gjev tilbod om musikkterapi i det heile, eller som ikkje registrerer slike tilbod med den nasjonale prosedyrekoden for musikkterapi i spesialisthelsetenesta. Av desse er det 3 helseføretak i nord (Finnmarkssykehuset, Helgelandssykehuset og Nordlandssykehuset) og 3 i sør-øst (Sunnas sykehus, Sykehuset i Vestfold og Vestre Viken).

I dei to sørlegaste helseregionane vert det også gitt musikkterapi ved private og privat-ideelle sjukehus, slik det går fram av figur 2.4:



Figur 2.4: Tal pasientar som får musikkterapi i privat / privat-ideell spesialisthelseteneste i perioden 2021-2025. Kjelde: Norsk pasientregister (NPR).



Implementering av musikkterapi er framleis sårbart. Tidleg i 2025 kunne desse musikk-terapeutane glede seg over [fagfelleskapen i dei nye Glasblokkene ved Haukeland universitetssjukehus](#), etter at leiarar, fagpersonar og støttespelarar hadde arbeidd hardt for å få utvida tilbodet til barn og unge. F.v. Guro Parr Klyve og Anita Barsnes (PBU), Merethe Wolff Lindvall og Jens Erik Aasmundseth (BUK). Mot slutten av året vart det likevel kutt i musikkterapitilbodet ved BUK. Foto: Helse Bergen.

For kommunale musikkterapitenester finst det førebels avgrensa nasjonal statistikk. SINTEF har på oppdrag frå Helsedirektoratet ansvar for [årsrapportar om kommunalt psykisk helse- og rusarbeid](#). I fleire år var det berre anekdotisk informasjon om musikkterapi i desse rapportane, medan det i 2024-rapporten for første gong var med indikatordata for musikkterapi. Her var resultatet at *12 % av kommunane i Noreg har musikkterapitilbod for denne målgruppa*. I rapporten for 2025, var data for musikkterapi likevel ikkje med. Etter det vi har forstått, vil data for musikkterapi kome inn igjen frå og med 2026, slik at det blir mogeleg å presentere utviklinga innan denne delen av kommunal sektor frå og med Polyfons årsrapport for 2026.

Vurderingar

Som figur 2.1 viser, har det både i Helse Sør-Øst og i Helse Vest vore ein vekst i musikkterapitilbod sidan 2018, men veksten har flata av dei siste åra. I Helse Midt-Noreg og Helse Nord er prosedyrekodane lite brukte. Figur 2.2 viser situasjonen korrigert for folketal i kvar region. Det må takast høgde for feilmarginar, då det kan vere tilbod som ikkje vert registrerte med rett kode. Kanskje slår dette meir ut der musikkterapi er minst etablert, altså i Midt-Noreg og Nord-Noreg. Likevel er det klare indikasjonar på svært store regionale skilnader. Summert opp er det altså to tydelege utviklingstendensar når det gjeld musikkterapi i spesialisthelsetenesta: Veksten i musikkterapitilbod har flata av dei seinare åra og dei store regionale skilnadene held seg relativt stabile. Dette er utviklingstendensar som det er relevante å sjå nærare på i vidare utvikling av klyngesamarbeidet, t.d. når det gjeld satsinga på oppbygging av regionale knutepunkt, utviklinga av myndighetskontakt og arbeid med kvalitetssikring og kompetanseutvikling.

Dokumentasjon av omfanget av musikkterapitilbod i kommunal sektor er framleis svært mangelfull. Det er grunn til å tru at bildet ikkje er heilt ulikt det ein ser i spesialisthelsetenesta, med flekkvis implementering og store regionale skilnader. Som gjort greie for over, viser SINTEF / Helsedirektoratet sin [årsrapport om kommunalt psykisk helse- og rusarbeid](#) for 2024 at 12 % av kommunane i Noreg har musikkterapitilbod for desse målgruppene. Det er eit svært lågt tal, gitt dei klåre tilrådingane av musikkterapi innan nasjonale retningslinjer for psykosebehandling og rusbehandling, som også gjeld for kommunane. Nytt i 2025 er likevel at musikkterapi også har fått klare tilrådingar i Helsedirektoratet sin oppdaterte rettleiar for lokalt psykisk helse- og rusarbeid: [Nasjonal veileder Psykisk helse- og rusarbeid for voksne](#). Det kan skape grunnlag for endring, noko det ville vere ønskjeleg for Polyfon å følgje med på og også bidra til.

Her er det relevant å leggje til at det har vore ei positiv utvikling av nye musikkterapitilbod i kommunane i Vestland i 2025. Klyngas nye modell for undergrupper vart vedtatt i juni 2025, der fylkeskommunen i samarbeid med Polyfon følgjer opp kommunane på musikkterapiområdet. Dette har fått ein god start i Vestland og bør utviklast vidare. Det vil også vere relevant å sjå om arbeidsmåten kan etablerast i andre fylke.

3 Forsking

Slik det er formulert i Polyfons strategi for 2024-2030, er målsetjinga for klyngas arbeid med å støtte og stimulere forskning at: *Forsking om musikkterapi og andre helserelaterte musikkpraksisar er praksisnær og samfunnsrelevant og av internasjonal standard.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2025, under overskriftene *Klyngeaktivitet, Indikatordata og Vurderingar.*

Klyngeaktivitet

Kunnskapsklynga bidreg til nye forskingsinitiativ og samarbeid og meir praksisnær og brukarinvolvert forskning. I 2025 starta forskingsmiljøa i klynga opp arbeidet med fleire store, eksterntfinansierte prosjekt:

- I januar 2025 kunne GAMUT, med Christian Gold (NORCE) som prosjektleder, starte opp det EU-finansierte prosjektet FALCO (Fighting addictions, improving lives: Comprehensive drug rehabilitation with music).
- I juni 2025 vart det kjend at MishMash Centre for AI and Creativity er eitt av seks nasjonale sentre som får støtte frå NFR i perioden 2025-2030, som del av «KI-milliarden». Professor Alexander Refsum Jensenius (UiO) skal leie senteret. 19 norske universitet, høgskuler og forskingsinstitutt er partnarar, deriblant fire av Polyfons klyngedeltakarar: HVL, NORCE, NMH og UiB. Polyfon er assosiert partnar i prosjektet, slik at også andre klyngedeltakarar kan melde seg på i prosjektperioden, om dei ønskjer det. Senteret har ei eiga arbeidspakke om KI, kreativitet og helse, leia av Claire Ghetti (GAMUT, UiB).
- I oktober 2025 vart det klart at GAMUT, med Viggo Krüger (UiB) som prosjektleder, får støtte frå NFR til prosjektet RESONATE (Resonate, Reducing School Dropout and Enhancing Pupils' Sense of Belonging and Participation through Co-created Music-based Activities).



I januar 2025 arrangerte NORCE kick-off-seminar for den EU-finansierte RCTen FALCO, som skal sjå på effektar av musikkterapi i rusbehandling. I utviklinga av studien har NORCE fått støtte frå Polyfon til utvikling av studiens arbeidspakke for brukarmedverknad. Her ser vi Kenneth Dybdahl, leiaren av klyngas Erfaringspanel, under kick-off-seminaret. Foto: Andreas R. Graven, NORCE.

Med støtte frå Polyfons koordinator for medverknad, er Polyfons Erfaringspanel ein ressurs for forskingsmiljøa sitt arbeid med brukarmedverknad. Tidleg i 2025 vart det utvikla ei eiga [infoside med råd om korleis ein best kan bruke Erfaringspanelet i arbeidet med å leggje til rette for brukarmedverknad i forskning.](#)

Polyfon lyser også ut midlar til forskingsstøtte to gonger i året. Dette er utlysingar alle deltakarane kan søkje på. Følgjande forskingsprosjekt fekk støtte frå Polyfon i 2025:

Forskningsstøtte våren 2025

- Helse Bergen ved musikkterapeut Merethe Wolf Lindvall fekk tildelt kr. 35.000 til prosjektet *Ansattkor for bedre ansattelse i Glasblokkene*
- Høgskulen på Vestlandet ved førsteamanuensis Mariya Bikova fekk tildelt kr. 88.000 til prosjektet *Mindre ensom med musikk. Musikkterapeutisk velferdsteknologi for hjemmeboende eldre*
- Griegakademiet, UiB, ved postdoktor Maren Metell fekk tildelt kr. 39.868 til prosjektet *Møhlenpris skolekor – om barnas perspektiver og ringvirkninger*

Forskningsstøtte hausten 2025

- Griegakademiet, UiB, ved førsteamanuensis Lars Tuastad fekk tildelt kr. 40.000 til prosjektet *Brukarmedverknad i musikkterapiforskning – moglegheiter og utfordringar*. Prosjektet er utvikla i samarbeid med Polyfons Erfaringspanel
- Betanien sykehus ved musikkterapeut Vegard Wikne fekk tildelt kr. 20.000 til prosjektet *Fra oppløsning til resonans: Identitet og selvpålevelse i schizofreni belyst gjennom musikkterapi*

Sommarstipend for musikkterapistudentar i 2025

- Griegakademiet, UiB, vart tildelt eit stipend på kr 40.000 til musikkterapistudenten Marie Hovdum Lind og prosjektet *Implementation and fidelity of music training for home-dwelling non-musicians with Alzheimer disease in Norway*. Prosjektet er utvikla i samarbeid med NORCE.

Tverrfaglege sommarstipend – finansierte av GC Rieber Fondene – for studentar i 2025

- Det humanistiske fakultet ved UiB vart tildelt to stipend på kr. 40.000,- kvar til filosofistudentane Emma Irgan Huse og Hilde Matre Lie og prosjektet *Hørselen og hjertet: en filosofisk refleksjon over musikkens skaper* (om KI og kreativitet i musikkterapi)
- Det medisinske fakultet og Griegakademiet ved UiB vart tildelt kvart sitt stipend på kr. 40.000 til høvesvis medisinstudenten Siri Narum og musikkterapistudenten Alexandra Khazaie til prosjektet *Sang i musikkterapi med perinatal psykisk helse – Systematisk litteraturgjennomgang og analyse*.



GC Rieber Fondene gav Polyfon kr 240.000 i støtte i 2025, til seks tverrfaglege [sommarstipend for studentar med prosjektidear innan musikkterapi / musikk og helse](#). Fire stipend vart delt ut i 2025 og klynga arbeider for å vidareføre og styrke dette tilbodet i åra framover. Desse stipenda gjev heilt nye mogelegheiter for tverrfagleg samarbeid om utvikling av forskingsprosjekt.


Sommarstipenda for studentar er med på å motivere og kvalifisere masterstudentar for framtidig forskning. Den formaliserte forskarutdanninga skjer gjennom doktorgradsprogramma ved universitet og vitskaplege høgskular. Blant klyngedeltakarane var det 4 disputasar for forsvar av nye doktoravhandlingar innan musikkterapi / musikk og helse i 2025, slik det også var i 2024. Dette er avhandlingar som er med på å byggje opp framtidig forskingskompetanse både i tenestene og i dei akademiske institusjonane i klynga.



3. februar 2025 disputerte Kirsti Stedje (Noregs musikkhøgskole) med avhandlinga [Couplehood in music. The influences of shared music experiences on relationship quality in couples living with dementia](#). Foto: Brian Cliff Olguin.



14. februar 2025 disputerte Marianna Ruiz Loria (NORCE/UiB) med avhandlinga [Music Therapy with Autistic Children. Insights from a Crossover Study on Psychometric Outcomes and Participant Preferences](#). Foto: Silje Katrine Robinson.



21. februar 2025 disputerte Anna Maria Matziorinis (NORCE/UiB) med avhandlinga [‘Musical-Markers’: The effects of music on brain reserve, white matter microstructure, and structural network topology in subjects along the Alzheimer’s Disease continuum](#). Foto: Privat.



21. februar 2025 disputerte Heidi Marie Kirkeng Meling (NORCE/UiB) med avhandlinga [Sustainable work participation and return to work among long-term sick-listed people with depression in Norway](#). Heidi vart seinare i 2025 tilsett i full, fast stilling som forskar ved GAMUT (NORCE). Foto: Anders R. Graven.


I tillegg til konkrete tiltak som utlysning av forskingsstøtte og sommarstipend, arbeider klynga med å støtte og stimulere forskning gjennom meir prosessorienterte tilnærmingar som t.d. forskingsrelaterte webinar og

seminar, kontaktformidling og rådgjeving om prosjektutforming. Verdien av å styrke brukarmedverknad i forskning er understreka i klyngas retningslinjer for forskingsstøtte, og Polyfon bidreg dessutan til styrkt samhandling mellom akademia og tenester.

Indikatordata



Indikatordata omfattar her søknadssummar og tildelingar for Polyfons ordningar for forskingsstøtte og sommarstipend for studentar, og dessutan klyngedeltakarane sin vitskaplege publikasjonar.

Søknadsaktivitet og tildelingar sidan 2016 for Polyfons utlysingar av midlar til forskingsstøtte kjem fram av Figur 3.1. Søknader er vurderte av ein ekstern komité med erfarne forskarar med professorkompetanse.



Figur 3.1: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons prosjektmidlar (såkornmidlar).

I tillegg til forskingsstøtte, der det vert lyst ut midlar to gonger i året, lyser Polyfon ut sommarstipend for musikkterapistudentar. Også desse søknadene vert vurderte av ein ekstern komité med erfarne forskarar med professorkompetanse. Søknadsmengda og tildelingsnivået har variert noko frå år til anna. Søknadsaktivitet og tildelingar sidan 2015 går fram av Figur 3.2



Figur 3.2: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons sommarstipend for studentar.

Forskningsstøtte og tildelingar av sommarstipend bidreg til publikasjonar både direkte og indirekte, ved at det kjem publikasjonar ut av dei prosjekta som får støtte og ved at desse prosjekta ofte bidreg til realisering av større forskingsprosjekt som genererer nye publikasjonar. Figur 3.3 gjev oversikt over klyngerelaterte publikasjonar dei siste åra:



Figur 3.3: Tal unike vitskapelege publikasjonar i klyngesamarbeidet i 2019-2025.

Vurderingar

Polyfon skal støtte og stimulere arbeidet med å byggje musikkterapi og musikk og helse som forskingsfelt. Når det gjeld dei midlane Polyfon lyser ut til forskingsstøtte, har utviklinga sidan 2020 vore at søknadssummar har gått markant opp. I 2024 var søknadsmengda attende på eit nivå nærare det ein hadde i 2019. Slik var situasjonen også for 2025. Dette blir viktig å følgje opp vidare. Det kan vere tidsavgrensa omstende som har gjort dette, eller det kan reflektere at arbeidsmåtane for å stimulere denne type søknader bør fornyast. Prosjekt OPPTAKT (2026-2028) vil gje klynga nye reiskapar til utvikling av arbeidsmåtane, m.a. fordi ein får regionale fagkoordinatorar som kan styrke kontaktflata mellom academia, tenester og brukarar.

Søknadsmengda og tildelingar til sommarstipend for musikkterapistudentar har variert frå år til anna, men gjekk opp i 2025 samanlikna med 2024. Desse stipenda er knytte til andre prosjekt og/eller bidreg aktivt til fag- og prosjektutvikling på andre måtar, så dette er ei gledeleg utvikling.

Når vi ser på indikatordata for publisering, har nivået vore relativt stabilt dei siste åra, med nokre svingingar. Tal publikasjonar gjekk opp i 2025, samanlikna med 2024. Klyngedeltakarane produserer mykje samfunns-relevant kunnskap om feltet. Publikasjonslista i vedlegg 1 viser dessutan at 8 av 16 klyngedeltakarar har vore aktive med publisering av vitenskaplege artiklar i 2025. Går vi nokre år tilbake, var berre to-tre klyngedeltakar aktive med vitenskapleg publisering innan fagområdet, så dette er ein positiv tendens, der endringa først og fremst skuldast at tenestene i større grad enn før er involverte i forskingsaktivitet. Dette er ei utvikling Polyfon bør støtte og stimulere vidare.



Professor Karette Stensæth er forskingsleiar for senteret CREMAH ved Noregs musikkhøgskole, eitt av forskingsmiljøa som er involverte i Polyfon-samarbeidet. I plenumsprogrammet av Polyfon-konferansen 2025 gav ho ein presentasjon av NMH sitt prosjektsamarbeid med Oslo kommune om utprøving og evaluering av demenskor i Oslos ulike bydelar. Stensæth reflekterte over dette arbeidet som eit eksempel på ein sosial innovasjon. Foto: Charlotte Wiig.

4 Utdanning

Slik det er formulert i Polyfons strategi for 2024-2030, er målsetjingane for klyngas arbeid med å støtte og stimulere utdanning og kompetanse at: *a. Utdanningane i musikkterapi er relevante, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang. b. Emne og/eller kurs om musikkterapi / musikk og helse er integrerte i aktuelle utdanningar.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2025, under overskriftene *Klyngeaktivitet, Indikatordata og Vurderingar.*


Klyngeaktivitet

Polyfons arbeid med å bidra til grunnlaget for solide utdanningstilbod i musikkterapi og musikk og helse omfatar både grunnutdanning og etter- og vidareutdanning.

Polyfon vidareførte i 2025 arbeidet med eit [nasjonalt nettverk, for rekruttering og mangfald](#). Nettverket vart etablert 2024 og skal styrke mangfald i rekrutteringa til begge dei to norske musikkterapiutdanningane og også bidra til rekruttering til musikkterapeutstillingar i heile landet.

Den årlege [Polyfon-konferansen](#) er ein viktig etter- og vidareutdanningsarena, sjå også kap.1. Både Legeforeningen og Psykologforeningen godkjent Polyfon-konferansen i 2025 som vedlikeholdskurs eller valfrie kurs i ulike spesialistutdanningar.

Panelsamtale om oppskalert bruk av musikkterapi / musikk som helseressurs i Norge



Kaja Elise Enge (leiar for Norsk forening for musikkterapi). Foto: Privat.

Ole-Marius Minde Johnsen (landsleiar i Mental Helse). Foto: Emilie Gjengedal Vatnoy.

Jon Harald Kaspersen (konserndirektør Helse og samfunn, NORCE). Foto: Gry Karin Stimo.

Randi-Luise Møgster (divisjonsdirektør Psykisk helsevern, Haukeland universitetssjukehus og styringsgruppeleiar for kunnskapsklynga Polyfon). Foto: Privat.

Sigrid Røyseng (professor i kultursosiologi ved Noregs musikkhøgskole og leiar for det regjeringsoppnemnde Musikkutvalet). Foto: Charlotte Wig.

Moderator for panelet:
Torbjørn Mohn-Haugen (fagleg rådgjevar i NAPHA, Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid). Foto: Privat.

Polyfon-konferansen 2025 vart avslutta med ein panelsamtale om framtida til musikkterapifeltet. Paneldeltakarane var særleg opptekne av behovet for nasjonal oppskalering som kan sikre meir lik tilgang til tilbod og tenester i heile landet. Ill.: Montasje frå programmet til Polyfon-konferansen 2025.

Med tanke på delmålsetjing 4b, er arbeidsgruppa for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning ein reiskap. Gruppa heldt fram arbeidet sitt i 2025, med Hans Mark Svedal (Høgskulen på Vestlandet) som leiar. Musikk og folkehelse i sjukepleieutdanninga og musikk i aktivitetsfaget i barnevernsutdanninga har vore to av temaa som gruppa har arbeidd med. Det er planlagt eit seminar om tematikken i 2026.

Indikatordata


Som indikatorar for delmål 4a, går studieplassar, søkjartal, registrerte og uteksaminerte kandidatar ved dei to norske musikkterapiutdanningane fram av Tabell 4.1 og Figurane 4.1 og 4.2.

Tabell 4.1 viser tal for nasjonal utdanningskapasitet i musikkterapi. Som vi ser, er det ein vekst i uteksaminerte kandidatar i perioden 2021-2025. Tala varierer likevel noko frå år til år, av di gjennomstrøyminga i studiet varierer og av di NMH har opptak på deltid annakvart år (oddetalsår). Vi har difor i andre kolonne av tabellen også rekna ut snittet for dei fem siste åra.

Nasjonal utd.kapasitet MT master	Snitt 2021-25	2021	2022	2023	2024	2025
Studieplassar	38,6	44	34	46	24	45
Uteksaminerte kandidatar	21,8	18	21	19	25	26



Tabell 4.1: Nasjonale tal for studieplassar og uteksaminerte musikkterapeutar (masterkandidatar i musikkterapi), der tala frå UiB og NMH (heiltid og deltid) er summerte. Nedgangen i studieplassar i 2024 speglar m.a. at tildelinga av mellombelse studieplassar under koronakrisa vart fasa ut frå og med 2023.

Figur 4.1 viser tala for UiB sidan 2021. Som vi ser, er tala relativt stabile, sjølv om det frå 2021 til 2025 har vore ein liten nedgang i søkjartal totalt.



Figur 4.1: Søkjartal og studieaktivitet for UiB i perioden 2021-2025, for femårig integrert masterprogram i musikkterapi.

Figur 4.2 på neste side viser søkjartal for Noregs musikkhøgskole, som har ein annan studiemodell enn Universitetet i Bergen. Medan UiBs utdanning er eit femårig integrert masterprogram (med søknad til samordna opptak), er Oslo-studiet ei toårig masterutdanning, der grunnlaget for å søkje masterstudiet er ein relevant bachelorgrad der ei årseining i musikk og helse inngår eller kjem i tillegg. Figuren gjev først tala for årseininga i musikk og helse, dernest for masterstudiet. For samanlikninga si skuld, slår vi saman tala for deltid og heiltid når det gjeld uteksaminerte kandidatar. Som vi ser, er også tala ved NMH relativt stabile, med unntak av eit nullopptak i musikk og helse heiltid i 2024, med konsekvensar for opptaket til master i musikkterapi for 2025.



Figur 4.2: Søkjartal og studieaktivitet for NMH i perioden 2021-2025, for årseining i musikk og helse og for toårig master i musikkterapi. Talet på studieplassar gjeld opptak av nytt kull.


Vurderingar

Søkjartala er relativt stabile begge studiestadar, med nokre mindre variasjonar. Som det går fram av Tabell 4.1 har det i Noreg vore utdanna ca. 22 kandidatar i snitt i musikkterapi i perioden 2021-2025. Det er eit lågt tal, dersom ein ser det i samanheng med behovet for musikkterapeutar i det norske samfunnet. Ein skal ikkje langt ut av Oslo eller Bergen før ein ser at helseføretak og kommunar har utfordringar med å rekruttere musikkterapeutar. Der er fleire eksempel på at stillingar vert ståande vakante og til slutt vert omdisponerte til andre føremål.

Sjølv om fagfeltet og klyngeaktiviteten er i god utvikling både når det gjeld formidling (kap. 1), praksisutvikling (kap. 2) og forskning (kap. 3), ser vi altså ikkje at rekrutteringa til dei to norske musikkterapeututdanningane har styrkt seg dei siste åra. Gitt Polyfons målsetjing om likeverdige tilbod i heile landet, er det grunnar til å ta tak i denne tematikken.

Som det går fram av avsnittet om Klyngeaktivitet over, arbeider Polyfon også med fleire andre tematikkar knytte til utdanning enn det som kjem fram av dei indikatordataa som er presenterte. Det gjeld t.d. utvikling av faglege kontaktflater mellom utdanning, praksis og erfaringskompetanse. Arbeidet med delmål 4b, som fokuserer på utdanning i musikk og helse utover sjølvve musikkterapifaget, er også viktig, og er forankra i ei eiga arbeidsgruppe med representantar frå ulike fag og utdanningar ved Høgskulen på Vestlandet, ved sida av representantar frå Vestland fylkeskommune, Griegakademiet (UiB) og Noregs musikkhøgskole.

I Polyfons vidare arbeid med å støtte og stimulere utdanningstilbod innan musikkterapi og musikk og helse, vil både prosjekt OPPTAKT for etablering av knutepunkt (sjå kap. 5) og vidare oppfølging av tilrådde tiltak i NOU 2025: 7 *Musikklandet* truleg vere med på å gje nye rammer.



Mange studentar engasjerer seg i arbeidet for å gjere utdanningstilbod i musikkterapi og musikk og helse meir tilgjengelege for fleire unge. Her frå eit seminar som vart arrangert på Griegakademiet (UiB) 9. des. 2025 om musikkterapi som utdannings- og karriereveg for unge med fleirkulturell bakgrunn. Foto: privat.

5 Utvikling av klyngesamarbeidet

Som kunnskapsklynge er Polyfon ein reiskap for å byggje fagleg aktivitet og kvalitet, gjennom samarbeid og samskaping mellom aktørar med ulike samfunnsoppdrag, føresetnader og kompetansar.

Nye klyngedeltakarar

Kunnskapsklynga er i 2025 utvida med fire nye klyngedeltakarar:

- Ansgar høyskole
- Bufetat region vest
- Sørlandet sykehus
- Voss DPS NKS Bjørkeli

I tillegg er undergruppa Partssamarbeid Vestland styrkt med tre nye kommunar som partar:

- Ullensvang kommune
- Vaksdal kommune
- Voss herad

Utviklingsarbeid 2025

Polyfons styringsgruppe gjorde i 2025 fleire vedtak som skapar nye rammer for vidare utvikling av klynga:

- Arbeid med revidert [Klyngeavtale](#) vart fullført i september 2025. Avtalen vart signert same haust og tar til å gjelde frå 1. januar 2026.
- [Uviklingsplan for Erfaringspanelet](#) vart oppdatert i 2025. I tråd med denne planen – der det m.a. er lagt vekt på at både brukarerfaring, pårørandeerfaring og organisasjonserfaring skal vere representert i panelet – er det i løpet av året tatt inn nye medlemmar med organisasjonsbakgrunn.
- I løpet av 2025 vart både ein ny modell for [knutepunkt](#) og eit nytt konsept for [undergrupper](#) utvikla, slik det går fram av høvesvis vedlegg 3 og vedlegg 5 til klyngeavtalen.
- Hausten 2025 fekk Polyfon ei [tildeling på kr. 7,53 millionar til prosjektet OPPTAKT frå Agenda Vestlandet](#) – stiftinga frå Sparebanken Norge, for utvikling av klyngas nye knutepunktmodell.



Tildelinga frå Agenda Vestlandet til prosjekt OPPTAKT for utprøving og evaluering av knutepunkt i Bergen, Kristiansand og Oslo gjev Polyfon heilt nye rammer til å arbeide med vidare styrking av samspelet mellom akademia, tenester og brukarar.



Ansgar høyskole i Kristiansand meldte seg inn i Polyfon i desember 2025. Høgskulen si interesse for Polyfon-deltaking veks m.a. ut av ambisjonen om å byggje eit knutepunkt innan klyngesamarbeidet i sør, der Sørlandet sykehus – som meldte seg inn i Polyfon i mars 2025 – også vil vere ei drivande kraft. Polyfons styringsgruppe har godkjend Ansgar høyskole som koordinerande klyngedeltakar i sør. Førsteamanuensis Marie Skånland vil fylle rolla som regional fagkoordinator. Foto: Lasse Eid.




I desember 2025 vart det klart at Norges musikkhøgskole tar ansvar for Polyfons knutepunkt på Austlandet. Førsteamanuensis Hans Petter Solli vert regional fagkoordinator, i forlenginga av det NMH-finansierte strategiprojektet STRATMUST. Dette understrekar den viktige rolla NMH spelar i arbeidet med vidare utvikling og nasjonal oppskalering av musikkterapi. Foto: Charlotte Wiik.

Klyngas samarbeidsorgan

Utviklingsarbeidet skissert over inneber at ulike roller i klynga er vidareutvikla og formalisert i løpet av 2025. I den nye klyngeavtalen er ulike roller og konstallasjonar i klynga tydeleggjort:

- [Klyngeavtalens vedlegg 8](#) synleggjer at klynga har deltakarar frå fire sektorar
- [Klyngeavtalens vedlegg 5](#) skisserer klyngas nye undergruppekonsept
- [Klyngeavtalens vedlegg 3](#) beskriv Polyfons nye knutepunktmodell

Organiseringa av klyngesamarbeidet er antyda i Figur 5.1, der ulike roller som enkeltdeltakarar og undergrupper er illustrert, inkludert relasjonar innan eit regionalt knutepunkt og mellom deltakarane og klyngas ulike fellesorgan.



Figur 5.1: Polyfon legg til rette for samarbeid mellom enkeltdeltakarar (gule og svarte ovalar) og undergrupper (grøn oval med tilhøyrande nettverk). Deltakarane er knytte til knutepunkt (gråe felt rundt deltakarane), der ein akademisk institusjon (svart oval) har ansvar for regional koordinering. Sirkelen i midten illustrerer klyngas fellesorgan (styrande: årsmøte og styringsgruppe, rådgjevande: fagråd og erfaringspanel, og utøvande: arbeidsgrupper og sekretariat).

Risikovurderingar

I samband med klyngas arbeid med strategi og handlingsplan, vart grundige risikovurderingar gjennomførte i 2024. Vi gjentar ikkje desse her, men gjev ei kort oppsummering basert på utviklinga i 2025:

- **Økonomi:** I perioden 2021 til 2024 var det større vekst i klyngas utgifter enn inntekter, slik at ein i 2024 hadde brukt opp den reserven som var bygd opp i prosjektperiodane frå 2015-2020. Dette innebar ein risiko for at klynga kunne få utfordringar med å finansiere den fagleg aktiviteten som stimulerer samarbeidet. I løpet av 2025 kom denne situasjonen under kontroll, gjennom moderat klyngevekst og vedtak om å indeksregulere deltakaravgifter frå og med 2026. Prosjekt OPPTAKT har potensial til å styrke klyngas berekraft og økonomi ytterlegare.
- **Samfunnskontekst:** Polyfons vidare utvikling vil etter alt å døme skje i ein samfunnskontekst med aukande utfordringar knytte til demografi og økonomi. Dette bildet er ikkje svekka i løpet av 2025, snarare tvert om. Dette kan få konsekvensar for arbeidet med å utvikle og oppskalere musikkterapi, alt etter som om musikkterapi vert oppfatta som ein del av løysinga på utfordringane eller som ein fin ting som det er vanskeleg å ta seg råd til i trongare tider. Denne konteksten vil vere avgjerande for Polyfons arbeid og strategiske val framover, der det er sannsynleg at samspel med nasjonale myndigheiter vil verte viktigare for klyngas arbeid.
- **Organisasjon:** I risikovurderinga som vart gjennomført i 2024 kom det fram ei bekymring i styringsgruppa over at Polyfons sekretariat er i minste laget i forhold til oppgåvene, ikkje minst med tanke på oppfølging av det faglege potensialet i klyngesamarbeidet. Det har i 2025 ikkje vore økonomisk grunnlag for å styrke sekretariatet direkte, men indirekte er situasjonen likevel i betring. Fleire klyngedeltakarar har tatt meir aktive roller i samarbeidet enn tidlegare. Vidare gjer knutepunktmodellen som vart vedtatt i 2025 at det vert oppretta deltidsstillingar for regionale fagkoordinatorar. Desse vil verte viktige ressursar i vidare klyngeutvikling og også sentrale medspelarar for sekretariatet. Prosjekt OPPTAKT gjev rammer til å prøve ut og evaluere eit slikt samspel og vil verte viktig for klyngas vidare arbeid med organisasjonstematikk.
- **Fag:** Klyngas faglege potensial er stort. Polyfon samlar dei største forskingsmiljøa i norsk musikkterapi, viktige forskingsmiljø innan musikk og helse meir generelt og sterke kompetansmiljø i tenestene, samstundes som klynga har solid leiarforankring og også eit aktivt Erfaringspanel, noko som gjev grunnlag for fruktbare samspel mellom fag-, leiar- og erfaringskompetansar. Prosjekt OPPTAKT har potensial til å styrke dette ytterlegare, ikkje minst ved at sterke fagmiljø innan akademia og tenester på Sørlandet no vert ein del av samarbeidet. Det er også sannsynleg at knutepunktet i Oslo vil bringe inn fleire sterke fagmiljø frå Austlandet. Risiko knytt til fag er difor først og fremst avhengig av risikoen knytt til økonomi, samfunnskontekst og organisasjon.

Eigne risikovurderingar for prosjekt OPPTAKT vil vere ein del av prosjektplanen som skal utarbeidast i løpet av våren 2026.

Rullert handlingsplan for 2026

Handlingsplanen er rullert for 2026, der mange av dei prioriterte tiltaka er knytte til prosjektet OPPTAKT. [Den rullerte handlingsplanen for 2026](#) ligg tilgjengeleg På Polyfons nettside.



Polyfon skal vere i stadig utvikling og det er difor laga ei eiga [innspelslenke på klyngas nettside](#), der alle som har synspunkt på kva som fungerer og kva som bør prioriterast i klyngesamarbeidet kan gje innspel, anten det gjeld ei utfordring eller ei mogelegheit, lokalt eller nasjonalt. Ill: Unsplash.

Vedlegg 1: Polyfon-relaterte vitenskaplege publikasjonar i 2025

Vedlegget gjev oversyn over klyngerelaterte vitenskaplege publikasjonar. Listene er hausta frå den nasjonale databasen NVA. Databasesøk er gjennomførte med fokus på musikkterapi og musikk og helse. Ikkje alle publikasjonane spring ut av klyngesamarbeidet i like stor grad, men vi tar med publikasjonar innan heile det fagfeltet som Polyfon omfattar og bidrar til.

8 av 16 klyngedeltakarar er representerte med klyngerelaterte publikasjonar i 2025. Ein av desse 8 er Partssamarbeid Vestland, der 2 av dei 7 partane er representerte. I dei tilfelle der publikasjonane har fleire forfattarar frå fleire klyngedeltakarar, er dei lista opp under fleire overskrifter. Samla sett, når slik dobbelt- og trippelføring er trekt i frå, var det 40 klyngerelaterte publikasjonar i 2025.

Klynga står for det meste av det som vert publisert om musikkterapi i Noreg og ein vesentleg del av det som vert publisert om musikk og helse. Nokre viktige vitenskaplege bidrag kan likevel mangle i lista nedanfor, som t.d. musikkterapirelaterte publikasjonar ved Det psykologiske fakultet og Det medisinske fakultet (UiB), då desse fakulteta førebels ikkje er ein del av Polyfon-samarbeidet.

Vitenskaplege publikasjonar frå Ansgar høyskole

Seip, H. M. T., & Ulland, D. (2025). 4. Meninga med livet – hvor blir den av? I *Fagbokforlaget eBooks*. <https://doi.org/10.55669/oa550204>

Skånland, M. S., & Fuhr, G. (2025). Exploring client-therapist relationships through joint interviews. *Qualitative Research*, 25(2), 456–477. <https://doi.org/10.1177/14687941241255245>

Vitenskaplege publikasjonar frå Bergen kommune

Krüger, V., Liisberg, J., Sørnum, S. M., Jonsson, Y. & Korsøen, J. D. (2025). Music therapy to meet the needs of forcibly displaced children: Teachers', music therapy students and administrators' experiences from the initial phases of a school project for Ukrainian children. *Voices*, 26(1). <https://doi.org/10.15845/voices.v26i1.4379>

Ånensen, R. D., Krüger, V., Hazell, W., Sandal, G. M., & Fadnes, L. T. (2025). Recreational activities and psychological distress during the COVID-19 crisis: a cohort study from Norway. *BMC Public Health*, 25(1), 2020. <https://doi.org/10.1186/s12889-025-22942-7>

Vitenskaplege publikasjonar frå Helse Førde

Andresen, V. B., Schmid, W., Låstad, T., Sigurdardottir, K. R., Assmus, J., & Schaufel, M. A. (2025). "It was 15 minutes without pain" - a mixed methods pilot study on the implementation of music therapy for hospitalised patients with incurable lung disease. *European Clinical Respiratory Journal*, 12(1), 2565852. <https://doi.org/10.1080/20018525.2025.2565852>

Fugle, G. K., Johns, U. T., Halding, A., & Stige, B. (2025). Musikkterapi i tverrfagleg behandling i psykisk helsevern for barn og unge. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 62(6), 328–335. <https://doi.org/10.52734/zolx3935>

Vitenskaplege publikasjonar frå Høgskulen på Vestlandet

Fugle, G. K., Johns, U. T., Halding, A., & Stige, B. (2025). Musikkterapi i tverrfagleg behandling i psykisk helsevern for barn og unge. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 62(6), 328–335. <https://doi.org/10.52734/zolx3935>

Vitenskaplege publikasjonar frå Kinn kommune

Krüger, V., Liisberg, J., Sørnum, S. M., Jonsson, Y. & Korsøen, J. D. (2025). Music therapy to meet the needs of forcibly displaced children: Teachers', music therapy students and administrators' experiences from the initial phases of a school project for Ukrainian children. *Voices*, 26(1). <https://doi.org/10.15845/voices.v26i1.4379>

Vitenskaplege publikasjonar frå NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus

Johansson, K., Kvamme, T., Stedje, K., Engen, R. B., Johns, U., Knardal, S. E., Moltubak, A., Aamod, H. C. W., & Stensæth, K. A. (2025). Noise, doubt, empathy or surprise? A qualitative collective self-study exploring the phenomenon of disruption in clinical trials. *Approaches an Interdisciplinary Journal of Music Therapy*, 17(1). <https://doi.org/10.56883/aijmt.2025.616>

Vitskaplege publikasjonar frå Noregs musikkhøgskole

- Bower, J., Corlette, S. J., Magee, W. L., Catroppa, C., & Baker, F. A. (2025). Exploring the rehabilitative potential of familiar song for a child with acute DoC: A single case analysis of EEG and time-locked video. *Nordic Journal of Music Therapy*, 35(1), 84–99. <https://doi.org/10.1080/08098131.2025.2494211>
- Bukowska, A. A., Janus, E., Soo, V. P., Smrokowska-Reichmann, A., Hsu, M. H., Stensæth, K. A., Odell-Miller, H., Tamplin, J., Wosch, T., Sousa, T. V., Lamb, K. E., Braat, S., & Baker, F. A. (2025). Relationship between dementia diagnostic characteristics and severity of depressive symptoms in a cross-sectional analysis of HOMESIDE baseline data. *Scientific Reports*, 15(1), 36643. <https://doi.org/10.1038/s41598-025-20385-z>
- Castelino, A., Dawson, S., Li, P., Thompson, Z., Tamplin, J., Watt, B., Archbold, J., Lamb, K. E., Braat, S., Sousa, T. V., & Baker, F. A. (2025). Mixed methods feasibility study of Music Attuned Technology Care via eHealth (MATCH) for people with complex behavioral and psychological symptoms of dementia within an acute psychogeriatric ward. *Alzheimer S & Dementia*, 21(5), e70124. <https://doi.org/10.1002/alz.70124>
- Crabtree, S., Baker, F. A., Bukowska, A. A., Hsu, M., Kvamme, T., McMahon, K., Odell-Miller, H., Sousa, T., Stensæth, K., Wosch, T., & Tamplin, J. (2025). Exploring the use of musical activities implemented in home-based dementia care as part of the HOMESIDE study. *Arts & Health*, 1–18. <https://doi.org/10.1080/17533015.2025.2525334>
- Flater, B., Brean, A. & Quintana, D. (2025). Music therapy and vagally mediated heart rate variability: A systematic review and narrative synthesis. *International Journal of Psychophysiology*, 219, 113288. <https://doi.org/10.1016/j.ijpsycho.2025.113288>
- Golubovic, J., Neerland, B. E., Simpson, M. R., Johansson, K., & Baker, F. A. (2025). A randomized pilot and feasibility trial of live and recorded music interventions for management of delirium symptoms in acute geriatric patients. *BMC Geriatrics*, 25(1), 306. <https://doi.org/10.1186/s12877-025-05954-1>
- Heiderscheit, A., Short, A., Trondalen, G. & Young, L. (2025). An integration of physical and psychological health through the Hero's Journey in Guided Imagery & Music: A cross-case analysis. *The Arts in Psychotherapy*, 96, 102348. <https://doi.org/10.1016/j.aip.2025.102348>
- Johansson, K., Kvamme, T., Stedje, K., Engen, R. B., Johns, U., Knardal, S. E., Moltubak, A., Aamod, H. C. W., & Stensæth, K. A. (2025). Noise, doubt, empathy or surprise? A qualitative collective self-study exploring the phenomenon of disruption in clinical trials. *Approaches an Interdisciplinary Journal of Music Therapy*, 17(1). <https://doi.org/10.56883/ajmt.2025.616>
- Stedje, K., Kvamme, T. S., Odell-Miller, H., Stensæth, K. A., Bukowska, A. A., Tamplin, J., Wosch, T., & Baker, F. A. (2025). Music therapy approaches to support relationship quality in couples living with dementia: A hermeneutic-phenomenological study of music therapists' reflections. *Nordic Journal of Music Therapy*, 35(2), 142–159. <https://doi.org/10.1080/08098131.2025.2497805>
- Solli, H.P.P. & Stige, B. (2025). Musikkterapi – fra behandling til kulturell deltaking. I: Almvik, A. & Borge, L. (Red.). *Å sette farge på livet. Samspill og deltagelse i psykisk helse- og rusarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sveinsdottir, V., Assmus, J., Schneider, J., Baker, F. A., Uçaner, B., Kreutz, G., Geretsegger, M., Rasing, N., Bloska, J., Stretton-Smith, P. A., Lee, Y. C., Wake, J. D., Odell-Miller, H., Tamplin, J., Vink, A. C., Ablewhite, J., Neuser, J., Frischen, U., Timmer, A., . . . Gold, C. (2025b). Clinical effectiveness of music interventions for dementia and depression in older people (MIDDEL): a multinational, cluster-randomised controlled trial. *The Lancet Healthy Longevity*, 6(12), 100783. <https://doi.org/10.1016/j.lanhl.2025.100783>
- Sveinsdottir, V., Geretsegger, M., Assmus, J., Zuidema, S., Lee, Y. C., Rasing, N., Schneider, J., Bloska, J., Stretton-Smith, P. A., Baker, F. A., Wake, J. D., Timmer, A., Ablewhite, J., Frischen, U., Neuser, J., Uçaner, B., Saltik, Y., Kreutz, G., Sousa, T. V., . . . Gold, C. (2025). Cognitive impairment, depressive symptoms, and demographic characteristics of care home residents living with dementia in six countries. *Aging & Mental Health*, 30(2), 255–266. <https://doi.org/10.1080/13607863.2025.2551788>
- Thompson, Z., Sousa, T. V., Vidas, D., Tamplin, J., Waycott, J., Stretton-Smith, P., McMahon, K., Carrasco, R., Woodward-Kron, R., Flynn, L., Lampit, A., Lamb, K. E., Braat, S., Lautenschlager, N. T., & Baker, F. A. (2025). Music attuned technology care via eHealth (MATCH): A proof-of-concept study for community-dwelling people living with dementia and caregivers. *Digital Health*, 11, 20552076251379768. <https://doi.org/10.1177/20552076251379768>
- De Witte, M., Aalbers, S., Vink, A., Friederich, S., Knapen, A., Pelgrim, T., Lampit, A., Baker, F. & van Hooren, S. (2025). Music therapy for the treatment of anxiety: a systematic review with multilevel meta-analyses. *EClinicalMedicine*, 84. <https://doi.org/10.1016/j.eclinm.2025.103293>

Vitskapelege publikasjonar frå NORCE (GAMUT)

- Epstein, S., Arnon, S., Markova, G., Nguyen, T., Hoehl, S., Eitan, L., Bauer-Rusek, S., Yakobson, D., & Gold, C. (2025). Mother–Preterm infant contingent interactions during Supported Infant-Directed Singing in the NICU—A feasibility study. *Children*, *12*(9), 1273. <https://doi.org/10.3390/children12091273>
- Geretsegger, M., Fusar-Poli, L., Elefant, C., Mössler, K. A., Vitale, G., & Gold, C. (2025). Music therapy for autistic people: a Cochrane Review. *BJPsych Advances*, *31*(1), 2. <https://doi.org/10.1192/bja.2024.80>
- Rasing, N., Vink, A., Schmitz, M., Wake, J. D., Geretsegger, M., Sveinsdottir, V., Gold, C., Saltik, Y., Nevruz, H., Ucaner, B., Frischen, U., Neuser, J., Kreutz, G., Ablewhite, J., Schneider, J., Zuidema, S., & Janus, S. (2025). Barriers and Facilitators for Implementing Music Interventions in Care Homes for People with Dementia and Depression: Process Evaluation Results of the Multinational Cluster-Randomized MIDDLE Trial. *Behavioral Sciences*, *15*(8), 1004. <https://doi.org/10.3390/bs15081004>
- Rasing, N. L., Janus, S. I., Vink, A. C., Frischen, U. A., Neuser, J., Wake, J. D., Skoluda, N., Sveinsdottir, V., Geretsegger, M., Langeland, E., Kreutz, G., Gold, C., Nater, U. M., & Zuidema, S. U. (2025). The short-term impact of music interventions on stress: Results of a multinational cluster-randomized trial using salivary cortisol and alpha-amylase assessments in care home residents with dementia. *Psychoneuroendocrinology*, *182*, 107640. <https://doi.org/10.1016/j.psyneuen.2025.107640>
- Rasing, N. L., Vink, A. C., Blosska, J., Nevruz, H., Bakırcı, T., Saltik, Y., Ucaner, B., Wake, J. D., Sveinsdottir, V., Geretsegger, M., Gold, C., Frischen, U., Neuser, J., Kreutz, G., Zuidema, S. U., & Janus, S. I. M. (2025). Video Analysis of Group Music Therapy for Dementia: Intervention delivery and Treatment Fidelity. *Journal of Music Therapy*, *62*(1). <https://doi.org/10.1093/jmt/thaf007>
- Robb, S. L., Story, K. M., Harman, E., Burns, D. S., Bradt, J., Edwards, E., Golden, T. L., Gold, C., Iversen, J. R., Habibi, A., Johnson, J. K., Lense, M., Perkins, S. M., & Springs, S. (2025). Reporting guidelines for music-based interventions checklist: Explanation and elaboration guide. *Integrative Medicine Research*, *14*(3), 101200. <https://doi.org/10.1016/j.imr.2025.101200>
- Robb, S. L., Springs, S., Edwards, E., Golden, T. L., Johnson, J. K., Burns, D. S., Belgrave, M., Bradt, J., Gold, C., Habibi, A., Iversen, J. R., Lense, M., MacLean, J. A., & Perkins, S. M. (2025). Reporting Guidelines for Music-based Interventions: an update and validation study. *Frontiers in Psychology*, *16*, 1551920. <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2025.1551920>
- Ruiz, M., Salomon-Gimmon, M., Specht, K., Gold, C., & Posserud, M. (2025). Bridging neuroscience and practice: A semi-structured music therapy approach with autistic children. *The Arts in Psychotherapy*, *96*, 102375. <https://doi.org/10.1016/j.aip.2025.102375>
- Sveinsdottir, V., Assmus, J., Schneider, J., Baker, F. A., Ucaner, B., Kreutz, G., Geretsegger, M., Rasing, N., Blosska, J., Stretton-Smith, P. A., Lee, Y. C., Wake, J. D., Odell-Miller, H., Tamplin, J., Vink, A. C., Ablewhite, J., Neuser, J., Frischen, U., Timmer, A., . . . Gold, C. (2025). Clinical effectiveness of music interventions for dementia and depression in older people (MIDDLE): a multinational, cluster-randomised controlled trial. *The Lancet Healthy Longevity*, *6*(12), 100783. <https://doi.org/10.1016/j.lanhl.2025.100783>
- Sveinsdottir, V., Geretsegger, M., Assmus, J., Zuidema, S., Lee, Y. C., Rasing, N., Schneider, J., Blosska, J., Stretton-Smith, P. A., Baker, F. A., Wake, J. D., Timmer, A., Ablewhite, J., Frischen, U., Neuser, J., Ucaner, B., Saltik, Y., Kreutz, G., Sousa, T. V., . . . Gold, C. (2025). Cognitive impairment, depressive symptoms, and demographic characteristics of care home residents living with dementia in six countries. *Aging & Mental Health*, *30*(2), 255–266. <https://doi.org/10.1080/13607863.2025.2551788>

Vitskapelege publikasjonar frå Universitetet i Bergen (GAMUT)

- Andresen, V. B., Schmid, W., Låstad, T., Sigurdardottir, K. R., Assmus, J., & Schaufel, M. A. (2025). “It was 15 minutes without pain” - a mixed methods pilot study on the implementation of music therapy for hospitalised patients with incurable lung disease. *European Clinical Respiratory Journal*, *12*(1), 2565852. <https://doi.org/10.1080/20018525.2025.2565852>
- Behrens, G. A., & Krüger, V. (2025). Dialogue Between Friends—Exploring how neuroscience supports themes defining community music therapy. *Music Therapy Perspectives*, *43*(1). <https://doi.org/10.1093/mtp/miaf007>
- Ekløf, M. A., & Tuastad, L. (2025). «Samfunnet er mitt lokale»: Musikkterapeuters erfaringer med oppsøkende psykisk helse- og rusarbeid. *Musikkterapi*. <https://doi.org/10.69625/318192.qddr6818>
- Fugle, G. K., Johns, U. T., Halding, A., & Stige, B. (2025). Musikkterapi i tverrfagleg behandling i psykisk helsevern for barn og unge. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, *62*(6), 328–335. <https://doi.org/10.52734/zolx3935>

- Geretsegger, M., Fusar-Poli, L., Elefant, C., Mössler, K. A., Vitale, G., & Gold, C. (2025). Music therapy for autistic people: a Cochrane Review. *BJPsych Advances*, 31(1), 2. <https://doi.org/10.1192/bja.2024.80>
- Hjørnevik, K. (2025). 'More than a sound': Tone as affective encounter in music therapy in prison. *The Arts in Psychotherapy*, 95, 102342. <https://doi.org/10.1016/j.aip.2025.102342>
- Krüger, V., & Tuastad, L. (2025). Navigating the "Lil Peep" paradox: Professional discretion in music therapy for young people. *Nordic Journal of Music Therapy*, 34(5), 434–449. <https://doi.org/10.1080/08098131.2025.2465758>
- Krüger, V., & Murphy, K. M. (2025). *Child-Centred Music therapy*. Palgrave Macmillan Cham. <https://doi.org/10.1007/978-3-031-85724-9>
- Krüger, V., Liisberg, J., Sørnum, S. M., Jonsson, Y. & Korsøen, J. D. (2025). Music therapy to meet the needs of forcibly displaced children: Teachers', music therapy students and administrators' experiences from the initial phases of a school project for Ukrainian children. *Voices*, 26(1). <https://doi.org/10.15845/voices.v26i1.4379>
- Kvernenes, M., Tjølsen, A., Gilbertson, S., Gray, R., Rakner, L., & Kordts, R. (2025). Tracing affective trajectories and triggers in university teachers – a mixed methods study. *Discover Education*, 4(1). <https://doi.org/10.1007/s44217-025-00707-z>
- Metell, M. (2025). Music Therapy in Educational and Cultural Contexts. I V. Krüger & K. M. Murphy (Red.), *Child-Centred Music therapy. Integrating Best Interest of the child into Theory, Research, and Practice*. Palgrave Macmillan, Cham. https://doi.org/10.1007/978-3-031-85724-9_5
- Nyarubeli, I. P., Moen, B. E., Krüger, V., & Stige, B. (2025). Music-based interventions at workplaces: a scoping review. *BMC Complementary Medicine and Therapies*, 26(1), 52. <https://doi.org/10.1186/s12906-025-05221-1>
- Robb, S. L., Story, K. M., Harman, E., Burns, D. S., Bradt, J., Edwards, E., Golden, T. L., Gold, C., Iversen, J. R., Habibi, A., Johnson, J. K., Lense, M., Perkins, S. M., & Springs, S. (2025). Reporting guidelines for music-based interventions checklist: Explanation and elaboration guide. *Integrative Medicine Research*, 14(3), 101200. <https://doi.org/10.1016/j.imr.2025.101200>
- Robb, S. L., Springs, S., Edwards, E., Golden, T. L., Johnson, J. K., Burns, D. S., Belgrave, M., Bradt, J., Gold, C., Habibi, A., Iversen, J. R., Lense, M., MacLean, J. A., & Perkins, S. M. (2025). Reporting Guidelines for Music-based Interventions: an update and validation study. *Frontiers in Psychology*, 16, 1551920. <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2025.1551920>
- Shaw, C., & Metell, M. (2025). Music Therapy and Disability. I M. Viegas, A. dos Santos & B. Wheeler (Red.) *Music Therapy Handbook* (2. utg.). Guilford Press.
- Solli, H.P.P. & Stige, B. (2025). Musikkterapi – fra behandling til kulturell deltaking. I: Almvik, A. & Borge, L. (Red.). *Å sette farge på livet. Samspill og deltakelse i psykisk helse- og rusarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Stige, B. (2025). Musikk og musikkterapi som kreativ og krysskulturell samhandling. I: U.T. Johns, A.F. Landmark & L.I. Stänicke (Red.). *Kreativitet i terapirommet* (s. 231-255). Oslo: Gyldendal.
- Stige, B., Solli, H.P.P. & Ghetti, C. (2025). Musikkterapi. I: K. Lossius (Red.). *Håndbok i rusbehandling* (4. utg.) (s. 455-476). Oslo: Gyldendal.
- Ulvik, M., Anderson, R. L., Langø, M., & Krüger, V. (2025). «Bare slipp oss løs». Utviklingsarbeid i skolen – hvordan bidra til felles profesjonsutvikling. *Nordisk Tidsskrift for Utdanning Og Praksis*, 19(2), 95–112. <https://doi.org/10.23865/up.v19.6309>
- Ånensen, R. D., Krüger, V., Hazell, W., Sandal, G. M., & Fadnes, L. T. (2025). Recreational activities and psychological distress during the COVID-19 crisis: a cohort study from Norway. *BMC Public Health*, 25(1), 2020. <https://doi.org/10.1186/s12889-025-22942-7>

Vedlegg 2: Årsoppsummering 2025 fra Polyfons erfaringspanel

Skrevet av Polyfons koordinator for brukermedvirkning, Kristianne Storhaug Ervik

Erfaringspanelet er et uavhengig rådgivende organ etablert 4. juni 2018, som representerer erfaringsperspektivet i Polyfon. Bruken av ordet «erfaring» i panelets navn viser til at panelet bygger på, utvikler og formidler den kompetansen som ligger hos personer med bruker- og pårørendeerfaring, samt erfaring fra aktuelle bruker- og pårørendeorganisasjoner.

Representanter i panelet

Våren 2025 rekrutterte erfarings-panelet flere nye representanter. Til sammen er vi 10 hovedrepresentanter, der tre av oss representerer ulike råd og organisasjoner ([Eldre-rådet i Bergen kommune](#), [Mental Helse](#) og [Løve-mammaene](#)). Vi har dessuten også fire vararepresentanter, inkludert en organisasjonsrepresentant ([RIO](#)).



Les mer om oss på [erfaringspanelets nettside](#).

Møter i 2025

Vårsemesteret:

10. februar (2 timer, digitalt), 9. april (2 timer, digitalt) og 2. juni (2 timer, digitalt).

Høstsemesteret:

25. august (2 timer, digitalt), 13. november (6 timer, fysisk i Bergen) og 15. desember (2 timer, digitalt).

Saker vi har jobbet med gjennom året

Ledervalg

Koordinator for brukermedvirkning har tidligere hatt ansvar for å lede erfaringspanelet. Som en del av arbeidet med [utviklingsplanen](#) i 2024 ble vi enige om at panelet i stedet skal velge sin egen leder. I 2025 valgte panelet Kenneth Dybdahl som leder. Anita Lid ble gjenvalgt som nestleder.

Les nyhetssaken om Kenneth og Anita fra mai 2025: [Ny ledelse i erfaringspanelet](#).

Koordinator for brukermedvirkning fungerer nå som sekretær for panelet. Erfaringene så langt tilsier at dette er en fornuftig ansvarsfordeling. Det er behov for en ansatt som følger opp erfaringspanelet og sørger for kontinuitet. Samtidig skal erfaringspanelet være uavhengig, og representantene skal oppleve mest mulig eierskap.

Les mer om rollefordelinga i erfaringspanelet i [vedlegg til utviklingsplanen](#).

Utviklingsplanen

Erfaringspanelet har revidert [utviklingsplanen](#) et par ganger. En viktig endring vi vil trekke frem, er at panelets målsettinger nå består av et fjerde punkt: vi skal «bidra til å synliggjøre behovet for og relevansen av musikk som helseressurs i tjenester og samfunn».

Møtegjester

Panelet har hatt besøk av Viggo Krüger (GAMUT) og Torbjørn Mohn-Haugen (NAPHA). Viggo orienterte om en søknad om midler til forskningsprosjektet *From Silence to Sound*. Han ønsket å involvere erfaringspanelet som rådgivende organ. Dette var panelet positive til. Torbjørn holdt en dialogisk presentasjon med refleksjoner rundt påvirkning og medvirkning.

Opplæring

Opplæring av panelet var et av tiltakene i Polyfons handlingsplan for 2025. Dette har dessverre ikke blitt fulgt opp som forespeilet. De nye midlene til bruker- og pårørendemedvirkning, som følger av Sparebanken Norge sin tildeling til prosjekt OPPTAKT, gir mulighet til å jobbe mer systematisk med opplæring fremover.

Styringsgruppa

Erfaringspanelets leder Kenneth Dybdahl har vært en viktig og tydelig stemme i styringsgruppemøtene. Han har oppfordret styringsgruppa til å bruke panelet mer. Etter innspill fra styringsgruppa har vi nå publisert et skjema hvor vi tar imot henvendelser: [Henvendelser til Polyfons erfaringspanel](#). Vi håper å høre fra dere!

Erfaringspanelets handlingsplan for 2025

Vi bestemte oss for at *formidling* skulle være i fokus i 2025. Videre ble vi enige om å jobbe med disse tre tiltakene: brosjyre, roll-up og blogg. Å opprette en blogg var opprinnelig en god idé, men dette har ikke blitt prioritert. Roll-upen har vi satt opp flere steder, blant annet på Musikkhøgskolen og Alrek-dagene. Det er også gjort fremdrift med brosjyren som skal formidle arbeidet vårt. Panelrepresentant Silje Rasmussen Sandnes står for design og har gjort en strålende jobb.

Musikkutvalget

Høsten 2025 oppretta panelet en arbeidsgruppe, med mål om å skrive et hørings svar til NOU 2025:7 Musikklandet. Nils Mæhle fra Bergen eldreråd, Kirsti Skjerven, og Camilla Rindahl fra Løvemammaene medvirka aktivt i denne prosessen.

Her finner du erfaringspanelets hørings svar: [Høring av NOU 2025: 7 Musikklandet - regjeringen.no](#).

Evaluering av erfaringspanelet

Evaluering av erfaringspanelet var satt opp som sak på panelmøtet i desember 2025. Tilbakemeldingene som kom fram i møtet kan leses i [møtoreferatet](#). I etterkant av møtet ble det sendt ut et skjema hvor både hoved- og vararepresentanter kunne evaluere panelet anonymt.

Vedlegg 3: Rekneskapsrapport for Polyfon for 2025

Rekneskapsrapporten for 2025 viser at klynga dette driftsåret har hatt kr 2 143 788 i inntekter, kr 2 269 351 i utgifter og kr 80 804 i overføring frå 2024, altså eit samla underskot på kr 44 757. Dette årsresultatet blir overført til Polyfons rekneskap for 2026.

Polyfon er ein del av UiBs prosjektportefølje og underlagt revisjon og kontroll frå Riksrevisjonen, i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og statlege retningslinjer.

Inntekter	Budsjett 2025	Regnskap 2025
Bidrag KMD/GA (UiB)	140 000	140 000
Bidrag Bergen kommune	280 000	280 000
Bidrag Betanien Sjukehus	70 000	70 000
Bidrag Haugesund kommune	35 000	35 000
Bidrag Helse Bergen	280 000	280 000
Bidrag Helse Fonna	140 000	140 000
Bidrag HVL	280 000	280 000
Bidrag Lillestrøm kommune	35 000	35 000
Bidrag NKS Olaviken	70 000	70 000
Bidrag NORCE	140 000	140 000
Bidrag NMH	280 000	280 000
Bidrag Undergruppe Vestland	280 000	280 000
Inntekter POLYFON-konferansen	80 000	19 200
Eksterne inntekter	200 000	94 588
Sum inntekter	2 310 000	2 143 788
Utgifter	Budsjett 2025	Regnskap 2025
Sekretariat	1 487 270	1 435 795
Erfaringspanel	80 000	79 070
Diverse drift	140 000	102 515
Forskningsstøtte	480 000	402 868
Formidlingsstøtte og arrangement	235 000	249 103
Sum utgifter	2 422 270	2 269 351
Overføring fra 2024	80 806	80 806
Resultat	- 31 464	- 44 757